



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	008/15	13.02.2015	KJEMON

Avgjerd av: Solund formannskap	Arkiv: K1-024 Objekt:	Arkivsaknr 14/528
--------------------------------	--------------------------	----------------------

HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG OM STATLEGGJERING AV SKATTEOPPKREVJAREN

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Det vert vist til KS og NKK sine høyringsuttaler om statleggjering av skatteoppkrevjaren, som Solund kommune gjev sin tilslutnad til.

Solund kommune gjev følgjande tillegg til desse høyringsuttalane:

- *Skatteoppkrevjarfunksjonen må framleis vere ei kommunal oppgåve.*
 - *Kommunen meiner lokal innsikt og god dialog er basisen for å oppnå beste resultat i innkrevjingsarbeidet og for å oppretthalda ein høg betalingsmoral i samfunnet.*
 - *Kommunen viser til at den lokale skatteoppkrevjaren inngår i eit lokalt kommunalt kompetansemiljø.*
Både det interne kompetansemiljøet og fleksibiliteten i høve løysing av tenestetilbodet til innbyggjarane i lokale kommunar, vert svekka vesentleg om ein trekkjer ut denne ressursen lokalt.
 - *Både erfaringar, dei gode resultata over tid og attendemeldingar frå skatteytarar, tilseier at skatteinnkrevjinga bør halde fram med å vera ei kommunal oppgåve også i framtida.*
- *Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er samla sett god.*
Eventuelle forbetringar kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga.
- *Ei eventuell statleggjering av SKO-funksjonen, må sjåast i samanheng med kommunereforma.*

13.02.2015 FORMANNSKAP

Votering:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-008/15 VEDTAK:

Det vert vist til KS og NKK sine høyringsuttaler om statlegging av skatteoppkrevjaren, som Solund kommune gjev sin tilslutnad til.

Solund kommune gjev følgjande tillegg til desse høyringsuttalane:

- *Skatteoppkrevjarfunksjonen må framleis vere ei kommunal oppgåve.*
 - *Kommunen meiner lokal innsikt og god dialog er basisen for å oppnå beste resultat i innkrevjingsarbeidet og for å oppretthalda ein høg betalingsmoral i samfunnet.*
 - *Kommunen viser til at den lokale skatteoppkrevjaren inngår i eit lokalt kommunalt kompetansemiljø.*
Både det interne kompetansemiljøet og fleksibiliteten i høve løysing av tenestetilbodet til innbyggjarane i lokale kommunar, vert svekka vesentleg om ein trekkjer ut denne ressursen lokalt.
 - *Både erfaringar, dei gode resultata over tid og attendemeldingar frå skatteytarar, tilseier at skatteinnkrevjinga bør halde fram med å vera ei kommunal oppgåve også i framtida.*
- *Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er samla sett god.*
Eventuelle forbetringar kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga.
- *Ei eventuell statlegging av SKO-funksjonen, må sjåast i samanheng med kommunereforma.*

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	31.10.2014	Fagforbundet avd. 679	KONSEKVENSER SKATTEOPPKREIVING FRÅ KOMMUNE TIL STAT
2	I	04.12.2014	Det Kongelige Finansdepartement	OVERFØRING AV SKATTEOPPKREIVINGA TIL SKATTEETATEN
3	I	15.01.2015	NKK Sogn og Fjordane	KOMMUNAL SKATTEINNKREVJING OVER TIL STAT?
5	U	04.02.2015	Erik Askeland; Ole Gunnar Krakhellén; Gøsta Odéen; Gunnlaug Olsvoll Røed; Irene Sanden; Borgny Leirvåg; Lillian Vågane	OM STATLEGGJERING AV SKATTEOPPKREVJARFUNKSJON EN

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	15.01.2015	NKK Sogn og Fjordane	KOMMUNAL SKATTEINNKREVJING OVER TIL STAT?

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

KVA SAKA GJELD:

Finansdepartementet sende 1.12.2014 ut høringsbrev om overføring av skatteinnkrevjinga frå kommunane til skatteetaten med verknad frå 1.1.2016.
Solund kommune mottok eige brev fra departementet den 04.12.2014 om å vera høringsinstans i spørsmålet om å overføra skatteoppkrevjaren til Skatteetaten.
Frist for høringsuttaler er sett til 02.03.2015.

SAKSUTGREIING:

I Noreg vert inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift innkravd av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som òg fører skatterekneskap og gjennomfører arbeidsgjevarkontroll.

Framlegg om overføring av skatteinnkrevjinga til skatteetaten har vore vurdert fleire gonger tidlegare, men saka har då anten ikkje vorte fremja av tidlegare regjeringar eller vorte avvist av Stortinget. Ifølgje KS er det ikkje kome nye moment av betydning i Finansdepartementet si noverande høyring.

Høyringsuttalen frå KS (Kommunenenes Sentralforbund) peikar på fleire uheldige konsekvensar ved overføring av skatteinnkrevjinga til staten. Her vert nemnt t.d.:

- *Effektivitet og resultat i skatteinnkrevjinga kan verte svekka*
- *Forslag bør inngå som ein naturleg del av kommunereforma*
- *Reduserte moglegheiter for nedkjemping av svart økonomi*
- *Rettstryggleiken til skattyterane kan verte svekka*

Likeins seier høyringsuttalen frå NKK (Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund) mykje av det same. Sitat:

- *NKK frykter at fellesskapet kan miste betydelige inntekter på grunn av mindre effektiv innkrevinga*
- *NKK frykter tap av viktig kompetanse ute i kommunane*
- *NKK frykter tap av nærleik til innbyggjarane - God skatteinnkrevjing krev god lokalkunnskap*
- *Spørsmålet om å overføre oppgåva frå kommune til stat bør sjåast i saman med kommunereforma*

Samarbeidsforum i Sunnfjord (kommunane Gaular, Jølster, Naustdal, Flora og Førde), har vedteke følgjande høyringsuttale:

1. Samarbeidsforum i Sunnfjord meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkrevjinga som ei kommunal oppgåve er svært positive.

2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er god. Samarbeidsforum i Sunnfjord meiner likevel det er mogeleg å forbetra tenesta. Det kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga, og må sjåast i saman med kommunereforma.

Administrasjonssjefen deler meiningane og som både KS og NKK gjev uttrykk for. Det vert vist til desse høyringane, og andre sine utfyllande kommentarar til deira høyringsuttaler. Sjå nedst i denne saksutgreiinga.

Det vil vera naturleg for Solund kommune å fremja ein nokolunde same høyringsuttale som samarbeidskommunane i Sunnfjord har gjort. Ein får då eit større trykk på det ein er samde om.

PRESISERINGAR FRÅ SOLUND KOMMUNE SÆRSKILT

Det er på sin plass å presisere nokre moment som administrasjonssjefen meiner vil forsterka forståinga av den lokale motstanden av framlegget, og som gjev grunn til ekstra uro for Solund kommune sin del om skatteoppkrevjaren vert statleggjort.

- **Betalingsmoral - kan verte svekka vesentleg, ikkje berre innkrevjingsresultata:**

Det er i all hovudsak 2 måtar å krevje inn skatten på.

1. Friviljug innbetaling
2. Innbetaling med tvang

Nærleik, dialog og kunnskap om, er alle moment som gjev argument for ein skatteytar til å betale ein skatt friviljug. Også opplevinga av at skatten kjem til syne i lokal tenesteyting / verdiskaping. Dersom ein skatteytar berre vert eit nummer i rekka, og det kjem eit tvangskrav i postkassa, før ein korkje har fått snudd eller forklart seg, så kan dette vera demotiverande for betalingsviljen til debitor. Skatten kan ein gjerne tvinge inn, men ein har svekka den ållmenne betalingsmoralen; - og dermed også den gode dialogen.

- **Årsakssamanhengar - å evne «lese» årsakssamanhengar bak eit manglande oppgjør**

Ein liten kommune har alltid drive «tilpassa» innkreving. Tilpassinga handlar om å finna løysingar som gjer at skatteytaren vert ivareteken på fleire plan enn at skatten skal vera oppgjort rettidig åleine. Ein skatteytar treng kanskje ei refinansiering, gjeldsordning, sosiallån eller liknande og kanskje er det private floker som kjem fram, som må løysast på fleire plan og saman med andre offentlege instansar. Den lokale skatteoppkrevjaren har aldri lagt størst vekt på å få skatten inn rett-tidig, men heller sikre 100% oppgjør i samarbeid med skatteytaren og på ein måte som ivareteke skatteytaren sine samla behov og verdigheit

- **Små kommunar er robuste, har tilstrekkeleg med kompetanse og vert ikkje «husblind» grunna for tette band til skatteytarane**

Den lokale robustheita og kompetansen mot svingingar i økonomiske og ressursmessige rammevilkår, er- og har alltid vore solid i småkommunar.

Fleksibiliteten og «smartnessen» i oppgåveløysinga er difor etter måten stor i småkommunar.

I små kommunar er breidda i både kompetansen og oppgåveløysinga stor.

Om arbeidsmengda varierer, så flyttar ein heile tida fokus på dei oppgåver som krev sin innsats.

Den ofte kostbare administrative ressursen, er innbakt i skatteinnkrevinga.

Det bør gjerast vurderingar for korleis dei administrative kostnadane vil utvikla seg, ved ei statleggjering av skatteoppkrevjaren.

Om det er slik at ein Skatteoppkrevjar let seg lett forleda av kjennskap og venskap, slik det ofte vert antyda gjennom media, så må ein heller fjerne den lokale skatteoppkrevjaren; - ikkje statleggjere den. Med eit slikt grep oppnår ein kun å overføre den lokale inkompetansen over til stat.

På lokalt stammespråk kallar ein gjerne dei ovafor nemnde føremonene «smådriftsfordeler».

Desse er konsekvent unnlat skildra i høyringsbrevet til kommunane og må koma betre fram i samband med endeleg handsaming av saka i juni.

- **Statleggjering - sentralisering / regionalisering?**

Små kommunar er sårbare ved uforutsette fråvær og dette vert nytta som argument for å statleggjere funksjonen.

Men sårbare er- og bør også større einingar vera, elles er det grunn til å tru at denne eininga har eit stort effektiviserings- og rasjonaliseringspotensiale som må hentast ut; - og det bør gjerast før ein eventuelt tek skrittet med å statleggjere SKO-funksjonen.

Så langt så er det ingenting som tyder på at ei regionalisering av ein slik funksjon, kan føre til mindre sårbare løysingar (jf. utstrakt bruk av interkommunale samarbeid). Det er difor all grunn til å tru at om målet er å unngå sårbare løysingar og mest mogleg effektiv drift, så bør ein legge all skatteinnkreving og kontrollverksemd til Oslo eller Brønnøysund, i staden for å legge opp til regionvis innkreving. Dersom statleggjering fører til ei regionalisering, så forsvinn ikkje sårbarheita slik ein synast å tru, samstundes som ein misser innsikta om / nærleiken til skatteytaren.

Det er eit tankekors / paradoks at det er slik at innbyggjarar i regionsentra tilsynelatande har større behov og rett til nærleik, medan dei mindre lokalsamfunn ikkje har det. Om det er slik at den digitale verda no har erstatta behovet for nærleik og personleg kontakt, så er det tid for å sentralisera skatteoppkrevjaren; - ikkje legge opp til regional innkrevjing.

Det har alltid vore ein grunn til at skatteinnkrevjing har vorte drifta lokalt. Det er viktig at ein finn ut om denne grunnen ikkje lenger er til stades, før ein eventuell legg om.

Det kan i tillegg nemnast at statistikken fortel at turn-overen er langt mindre i små verksemdar enn i store. Verdien av dette, vert heller ikkje trekt fram i høyringsbrevet.

- **Styrking av sentral kompetanse, medfører svekking av lokal kompetanse:**

Det lokale økonomikontoret i småkommunar inneheld ei rekkje funksjonar og den lokale SKO inngår i det samla økonomikontorteamet.

Ein skatteytar treng difor ikkje vende seg til 3 ulike kontor på 3 ulike plassar for å få løyst sine behov i ein liten kommune.

Det er også utstrakt tverrfagleg dialog med andre nabokontor som t.d. NAV når dette trengs..

Ved å trekkje ut denne eine kompetente delen frå det lokale økonomimiljøet, svekkar ein heile det lokale økonomikontoret, og dermed også den lokale kommunen sin evne til å løysa innbyggjarane sine samla behov. Det vert såleis ei ferjereise til nok eit offentleg kontor.

Kva nytte eller føremoner har den lokale skatteytaren / innbyggjaren av det?

Kva behov er det som det sentrale skattekontoret skulle kunna løysa på ein betre måte enn i dag?

- **Intern sjølvjustis som følgje av nærleik:**

Det skjer ein intern sjølvjustis mellom innbyggjarar som har god nærleik til den lokale øvrigheita i bygda som t.d. politi, prest, ordførar, m.fl., - herunder også skatteoppkrevjaren.

Dette gjer at fokus først og fremst er på førebyggjande tiltak på skatteinnkrevjinga i små kommunar. Fokus er ikkje «å ta» nokon eller å nå eit mål om å få høgast tal tvangsinnfordringssaker på resultatrapporten. Fokus er å få skatten på plass og oppretthalda ein god betalingsmoral.

- **Resultata dokumenterer det som er framført ovanfor:**

Alt dette er dokumentert gjennom SKO sin årlege styringsdialog med Skatteetaten.

Det vert vist til den siste resultatrapporteringa pr. 31/12. Som det går fram av denne, så er det neppe mogleg å oppnå betre resultat enn dette.

- **Geografiske avstandar - reisetid**

Solund kommune si særskilde plassering krev eit dagsverk å koma til/frå næraste regionsenter, om ein ynskjer personleg kontakt med det offentlege apparatet som ikkje er lokalisert i eigen kommune. Saman med anna regionaliserings- og sentraliseringsarbeid, så gjev dette ein lite heldig situasjon for innbyggjarane i kommunen, og då særleg for dei trengande og for dei som ikkje er fysisk særleg mobile eller har private transportmiddel å ty til.

Konklusjon:

I samband med vurderinga av statleggjering av SKO-funksjonen vil administrasjonssjefen be om at ein ser på kva og kven denne funksjonen skal tene og kva innbyggjarane/skatteytarane ynskjer sjølv. Solund kommune ber om at målet om å oppnå ein høgast mogleg betalingsmoral, vert sett øvst på agendaen i det vidare utgreiingsarbeidet med saka.

Under følgjer nokre sentrale høyringsuttaler som den einskilde kan studere for å få eit totalt bilete av kva sentrale faginstansar meiner om denne saka.

Viser innleiingsvis til svært interessante fagartiklar frå «Kommunal økonomi» frå sept. 2014. Særleg vert det vist til advokat Jan Grønnerud sin artikkel, der han på ein fagleg god måte imøtegår sentraliseringsframlegget som ligg føre.

Utdrag frå KS sin høyringsuttale:

- **Effektivitet og resultat i skatteinnkrevjinga kan verte svekka** Skatteinnkrevjinga i Norge har over tid vist seg å vere svært god samanlikna med andre vestlege land, t.d. har skatterestansane i Danmark auka etter at innkrevjinga vart overført til staten. Nærleik til skattesubjekta forklarar dei gode resultata og er viktig i kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet. Nærleik til innbyggjarane er og viktig for å bistå dei vanskelegstilte skatteytarane; dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølv eller som av andre grunnar ikkje kan ivareta sine egne interesser. Nærleik og lokalkunnskap er viktig også for å forstå og hjelpe de som trenger det mest.
- **Forslag bør inngå som ein naturleg del av kommunereforma**
Eit uttalt mål i kommunereforma er å «flytte makt og ansvar til større og meir robuste kommunar». Regjeringa seier den vil «vise meir tillit til lokalpolitikarar og gje kommunane meir handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.» At forslaget vert fremja som eiga sak uavhengig av det pågåande kommunereformarbeidet er uheldig og i strid med kommunereforma.
- **Reduserte moglegheiter for nedkjemping av svart økonomi** Skatteoppkrevjaren har god kontakt med og kjennskap til lokalt næringsliv, og dette bidreg til nedkjemping av svart økonomi også der arbeidsgjevarkontrollen er organisert som interkommunalt samarbeid. Lokalt folkevalt innsyn, mellom anna gjennom kontrollutvala, er ei anna styrke.
- **Rettstryggleiken til skattyterane kan verte svekka**
I dag vert rettssikkerheten ivareteke på ein svært god måte ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skilje mellom på den eine sida fastsetting av skatten (likning/stat) og på den andre sida innkrevjinga av skatten (kommunane). Omsynet til rettstryggleiken tilseier at det må vere avstand mellom den som fastset og den som krev inn skatten. Dette er og slått fast som eit grunnleggande prinsipp i tidlegare utgreingar og Stortingsbehandlingsar av skatteinnkrevjinga.

NKK sin høyringsuttale:

Regjeringen ønsker å statliggjøre den kommunale skatteoppkrevingen. Forslaget er sendt på høring til alle landets kommuner, med høringsfrist 2. mars 2015. NKK har markert motstand mot forslaget.

NKKs viktigste argumenter mot statliggjøring og sentralisering

En statliggjøring av skatteinnkrevingen er ikke en liten sak. Det vil være en irreversibel reform. Så store endringer bør ikke gjennomføres når det er betydelig risiko for et negativt resultat.

- *Dagens skatteinnkreving er svært effektiv.* På sammenlignbare skattearter er dessuten de kommunale kemnerne mer effektive enn de statlige innkreverne. Kommunenes desentraliserte innkreving av arbeidsgiveravgift har et resultat på 99,8%. Statens sentraliserte innkreving av merverdiavgift er mindre effektiv: 99,4% (kilde: Finansdepartementet, Statsbudsjettet 2015)
- *Erfaringer fra Danmark.* Ti år etter at nabolandet vårt statliggjorde sin skatteoppkreving, er de ønskede effektiviseringene enda ikke gjennomført. Derimot har restansene økt hvert år.
- *Små endringer kan bety store tap.* Oslo Economics har gått gjennom tallmateriale fra Finansdepartementet og beregnet at endringer i innkrevsgrad på så lite som 0,05-0,15 prosentpoeng vil gjøre reformen ulønnsom for fellesskapet.
- *Kemneren er viktig for kommunen.* Kemneren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Kommunene vil fortsatt måtte kreve inn penger også etter en eventuell statliggjøring. Det er høyst uklart hva som skjer med kompetansen og effektiviteten i denne innkrevingen etter en statliggjøring: Konsekvensene for kommunene ved en sentralisering er ikke utredet.

- *Spørsmålet må ses i sammenheng med kommunereformen.* Stortingets mål er å flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner. Statliggjøring og sentralisering går motsatt vei. Hvorfor skal ikke alle oppgaver ses i sammenheng? Hvorfor så travelt?

Kilder til ytterligere informasjon og argumentasjon:

- På NKKs nettside, www.nkkf.no, finner man utdypende og oppdatert informasjon, blant annet fakta-ark, rapport fra Oslo Economics, innlegg/kronikker og etter hvert NKKs eget høringssvar til reformforslaget.
- KS vil etter hvert publisere sitt høringssvar på sine egne nettsider www.ks.no
- Finansdepartementets høringsbrev: https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Horing---Overforing-av-skatteoppkrevingen-til-Skatteetaten/id2342728/?regi_oss=10

Rapport fra Skattedirektoratet: <https://www.regjeringen.no/nb/aktuelt/Rapport-om-overforing-av-skatteoppkrevingen-til-Skatteetaten---/id2341754/>

Eit anna framlegg til høyringsuttale:

Forslaget om statliggjøring av skatteoppkreverne har vært oppe flere ganger før, men aldri fått flertall i Stortinget. Vi mener dagens kommunale løsning er den beste da den gir svært gode resultater og fremstår som en effektiv organisering.

Vi mener at en statliggjøring i tråd med den meget stramme skisserte tidsrammen innebærer risiko for provenytab, reduksjon av nødvendig kompetanse i vår kommune og et uheldig personalløp med fare for tap av nøkkelpersonell.

Vi vil også peke på at spørsmålet om organiseringen av skatteoppkreveren er mest naturlig å behandle i den varslede kommunereformen.

1. Skatteoppkreveren er viktig for (..egen..) kommune – (innholdet her må vurderes konkret i hver kommune etter graden av integrasjon)

Skatteoppkreverfunksjonen er viktig for hele vår lokale økonomistyring. Skatteoppkreveren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Vår erfaring er at vi fanger opp avvik fra forventet skatteinntang langt raskere enn man klarer på nasjonalt plan. Dette gir oss mulighet til å justere driften tidligere enn dersom vi måtte vente på de offisielle justerte skattetall.

2. Forslaget innebærer en klar risiko for provenytab

Dagens organisering har en løsningsgrad som ligger helt i verdenstoppen. Vår egen skatteoppkrever har en løsningsgrad på (legg inn tall fra tabell som vi legger ved, over alle innfordringsresultatene f.eks på forskuddstrekk og avgift) xx prosent. Vi ser ingen grunn til å statliggjøre vår skatteoppkrever og har liten tro på at resultatene vil bli bedre dersom disse oppgavene skal utføres på sentralt eller regionalt hold.

Vi vurderer departementets forslag til å innebære en klar risiko for provenytab. Dette spørsmålet er utredet av Oslo Economics, som har gått gjennom tallmaterialet og beregnet konsekvensene av endret innkreivingsprosent.

Beregningene viser at det norske fellesskapet risikerer et årlig provenytab i området 0,5-1,5 milliarder kroner dersom forslaget blir vedtatt. Utredningen viser videre at endringer i innkreivingsgrad på så lite som 0,05-0,15 prosentpoeng vil gjøre departementets forslag ulønnsomt, selv etter den foreslåtte bemanningsreduksjonen.

Den anførte bemanningsreduksjonen er ikke sannsynlig. Forventede gevinster av fagsystemet SOFIE er allerede hentet ut, slik at for de sakene som behandles manuelt, som vil være de samme sakene uansett organisering, er utøvelse av lokalt skjønn et mål og en forutsetning for et godt og riktig resultat. Dette viktige aspektet synes ikke belyst i høringsdokumentene.

Innenfor sammenlignbare områder som innkreving av arbeidsgiveravgift og MVA har den kommunale innkrevingen gjennomgående bedre resultater enn statlig, med en kommunal løsningsgrad på 99,8% mot statlig løsningsgrad på 99,4%. Da det her er snakk om meget store beløp vil selv små forskjeller i løsningsgrad kunne ha merkbar betydning for provenyet til (..egen..)kommune.

Den foretatte risikovurderingen av provenytab synes utilstrekkelig og overfladisk. Den tar ikke høyde for overnevnte momenter og gir inntrykk av å være tilpasset ønsket resultat.

3. Nærheten til skattesubjektene forklarer de gode resultatene i forskuddsordningen og er viktig i kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet

Vi jobber proaktivt og preventivt for å sikre at arbeidsgiverne i (..egen..)kommune innberetter riktig grunnlag. Vår kontorkontroll innebærer synlig og merkbar aktivitet overfor arbeidsgiverne. Vi purrer når vi ikke mottar oppgaver,

vi kontakter dem pr telefon når vi ser at de har innberettet feil, vi oppsøker dem fysisk og etterspør oppgaver og gjennom vår arbeidsgiverkontroll avdekker vi det som skulle vært innberettet. Vi gjør et viktig preventivt arbeid som bidrar til at våre arbeidsgivere innberetter riktig grunnlag og gjennomfører, beregner og innbetaler korrekt forskuddstrekk, utleggstrekk og arbeidsgiveravgift.

Det er dette arbeidet og nærheten til innbyggerne, kombinert med forskuddsordningen, som gir dagens gode resultater.

Vi mener derfor at vår nærhet til innbyggerne og vår lokalkunnskap i stor grad bidrar både til forskuddsordningen suksess og til de gode resultatene for innkreving av de andre skattartene.

Nærheten til skattesubjektene er også viktig i kampen mot svart økonomi. Vår lokale tilstedeværelse som kontrollinstans har en klar preventiv effekt. Dersom skatteoppkreveren statliggjøres og sentraliseres vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjektene øke i vesentlig grad. Mange kommuner og byer vil ikke ha noen kontrollinstans overhodet. For (..egen..)kommune vil nærmeste kontrollinstans være (se rapport). Vi vurderer denne økte avstanden som en betydelig risikofaktor for økt svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

I den andre enden av skalaen er det også vår erfaring at nærheten til innbyggerne er viktig for å bistå de vanskeligstilte skattyterne; de som ikke alltid kan hjelpe seg selv eller som av andre grunner ikke kan ivareta sine egne interesser. Nærhet og lokalkunnskap er viktig også for å forstå og hjelpe de som trenger det mest.

4. Forslaget bør inngå som en naturlig del av kommunereformen

Skatteoppkreverne er i dag en viktig og godt integrert del av vår lokale administrasjon. (*Stryk hvis ikke passer*)

Departementet hevder skatteinnkreving ikke er en naturlig kommunal oppgave, blant annet fordi det skal utøves «*liten grad av skjønn*». Vi mener at nettopp muligheten til å utøve lokalt skjønn innenfor lovens rammer, er et bidrag til våre gode resultater og stiller oss derfor uforstående til påstanden. Vi opplever at nærheten, tilstedeværelsen og forståelsen for de lokale forhold bidrar til både lojalitet og legitimitet til skattesystemet.

Forslaget om statliggjøring kommer midt i kommunereformen. Et uttalt mål i kommunereformen er å «*flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner*». Regjeringen sier den vil «*vise mer tillit til lokalpolitikere og gi kommunene mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.*» Å statliggjøre skatteoppkreveren vår er derfor i strid med de uttalte målene for kommunereformen.

Stortinget ga sin tilslutning i Prop. 95 S (2013–2014) til retningslinjer for oppgavefordeling mellom stat og kommuner. Departementet trekker særlig frem punkt 3, om at: «*oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar*». Dette er derfor i tråd med oppgave- og ansvarsfordelingen som skal vurderes i kommunereformen.» som et argument for statliggjøring nå.

Flere av de andre prinsippene, for eksempel punkt 1: «*Oppgaver bør legges på lavest mulige effektive nivå.*» trekker imidlertid i den andre retningen og taler for fortsatt kommunal organisering. Samlet sett er det lite ved skatteoppkreverens oppgaver som tilsier at de, etter nevnte retningslinjer, klart faller utenfor de områdene som skal behandles i kommunereformen. Forskuddsordningen spesielt og skatteinnkreving generelt er og bør være påvirket av lokale- og lokalpolitiske forhold.

Etter vårt syn er organiseringen av skatteoppkreveren en naturlig del av den totale gjennomgangen av den samlede oppgave- og ansvarsfordelingen mellom stat og kommuner i kommunereformen.

Vi mener derfor det er uheldig å forsere en beslutning om dette nå og anbefaler at spørsmålet undergis en samlet behandling i kommunereformen.

5. Oppsummering

Kombinasjonen av et irreversibelt forslag, mangelfull utredning av gevinster og klar risiko for provenytnap gjør at (..egen..)kommune fraråder statliggjøring av skatteoppkreveren fra 01.01.2016.

Vi mener dagens løsning gir de beste resultatene og fremstår som en effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringen av skatteoppkreveren er mest naturlig å behandle i den kommende kommunereformen.

Vi mener forslaget er et eksempel på uheldig distriktspolitikk fordi nærhet og lokalkunnskap er spesielt viktig i denne saken. Forslaget innebærer en uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjønnsutøvelse og lokalkunnskap er mye av forklaringen på dagens gode resultater. Vi mener (..egen..)kommune selv har best kompetanse og forutsetning for å samarbeide med og håndtere vårt lokale næringsliv og våre innbyggere innenfor høringens foreslåtte områder.

Vi vil også bemerke at høringsdokumentene i svært liten grad gir noen begrunnelse for hvorfor skatteoppkreverfunksjonen skal overføres. Vi reagerer på at hovedspørsmålet om hvorfor overføringen skal skje, i svært liten grad er utredet. Dette til tross for at forslaget kan få betydelige negative konsekvenser for (..egen..)kommune og som nevnt innebære en risiko for vår likviditet, økonomistyring og økonomikompetanse. Særlig i lys av at en eventuell statliggjøring vil være irreversibel er vi negative til departementets forslag.

VURDERING:

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL: